Vekeplan for 4. trinn veke 49

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.30 - 09:30	Lesekvart **Norsk** Lesetekst "Har du hørt det?"	Adventstund **Norsk** Språkverkstad O for å	Adventstund **Skjerm ❤️ meg** *Den Kulturelle Skulesekken*	Adventstund **Havfruekikkert** *Den Kulturelle Skulesekken*	Adventstund **Norsk** Forteljarstol Wiktor sin tur
09:45 - 10:40	**Matte** 6,7,8 og 9-gongen	**Matte** Strategiar i multiplikasjon *Èin meir-èin mindre*	**Øve til Juletrefest**		**Vekeslutt** Loggbok 
10.40-11:30	**Mat og midttime**				
11:30 - 12:15	**Tema** Høgtidar Turbandagen 	**Stasjonar** Lesing, skriving og rekning 	**Uteskole** 	**Musikk** Øve til juletrefest 	**Svømming** 
12:25 - 13:10				**Bokslukarpris**  Juletrefest i Salhushallen kl 18:00-19:30	
	Slutt 13:10	**Slutt 13:10**	**Slutt 13:30**	**Slutt 13:10**	**Slutt 13:10**

Hugs:

- Øv på alle songane vi skal framføre på juletrefesten.
- Uteskule onsdag – hugs varme klede, gode sko, hue og vottar.
- **Torsdag:** Ta med rein plast til kunstprosjektet Havfruekikkert.
- **Juletrefest torsdag:** Oppmøte i Salhushallen kl. 17.45.



Informasjon heim.

Hei!



No går vi inn i ei koseleg og innhaldsrik adventstid. Frå 1. desember startar vi kvar morgon med adventsstund, der vi skal ha høgtlesing frå boka «Tante Stellas hus» og trekkje adventskalenderen.

Uteskule onsdag: Denne veka blir vi ute på skuleområdet. Vi skal lage spikkenissar og førebu oss til juletrefesten. Hugs varme klede etter vêret.

Juletrefest: Torsdag 3. desember kl. 18.00–19.30 i Salhushallen. Elevane skal møte kl. 17.45. Vi brukar tid på å øve i skuledagen, men det er fint om elevane også øver på alle songane heime.

Denne veka er vi så heldige at vi får to besøk frå Den kulturelle skulesekken.

Onsdag skal vi sjå framsyninga «Skjerm meg?». Gjennom rørsle, humor, musikk og rytmar får elevane reflektere over skjermbruk og verdien av fellesskap.

Torsdag skal vi delta i kunstprosjektet «Havfruekikkert». Her skal elevane lage kikkertar og kaleidoskop av plast og gjenbruksmateriale. Gjennom kreativt arbeid skal dei utforske plastforureining, gjenbruk og forholdet vårt til naturen.

Alle elevane må ta med rein plast til skulen på torsdag. Det kan vere fargerikt snopepapir, delar av ein chipspose eller anna plastavfall.

Mål vi jobbar mot denne veka:

	• Eg kan lese ein tekst og finne viktig informasjon. • Eg kan lese og skrive ord der o blir uttalt som å. • Eg kan fortelje med eigne ord kva ein tekst handlar om.
Matte 	• Eg kan øve på og bruke 6-, 7-, 8- og 9-gongen. • Eg kan bruke strategien «éin meir – éin mindre» i multiplikasjon. • Eg kan forklare korleis eg kjem fram til svaret.
Tema KRLE	• Eg veit kva sikhismen er. • Eg kan fortelje litt om kvifor turbanen er viktig for mange sikhar. • Eg veit kvifor vi markerer turbandagen.
Sosialt arbeid 	• Eg kan samarbeide og bidra til eit godt fellesskap. • Eg kan reflektere over korleis skjermbruk påverkar fellesskapet. • Eg kan vise respekt for andre sine tradisjonar og meiningar.
Musikk 	• Eg kan synge songane vi skal framføre på juletrefesten. • Eg kan øve saman med andre og bidra til ei felles framføring.